

TINGVOLL GJENNOM TIDENE

- Tingvoll kommune

Av Helge Husby

I Hendt og hender i Tingvoll 2009 og 2010 har eg teke for meg den rettslege og den kyrkjelege inndelinga fram mot det som vart Tingvoll. I denne artikkelen ser eg på det lokale sjølvstyret, som i dag er Tingvoll kommune.

TINGVOLL HERAD OG FORMANNSKAPSLOVA

Formannskapslova av 1837 som **John Neergaard** var «far» til, utgjorde eit radikalt inngrep i folk sin kvardag. Vi var før styrt av kyrkje, fut, lensherrar og amtmenn, og vi skulle no ha lokalt sjølvstyre.

Futen for Nordmøre futedømme eller fogderi, budde ei tid i Sandvika på Gyl. Det var futen Hans Junghans Wegede og seinare sonen Henning.



John Neergaard (1795-1885) var fødd i Rindalen. Han starta tidleg å arbeide for at bøndene skulle få meir makt i styringa av landet.

Ved stortingsvalget 1827 vart Neergaard valgt til representant for Romsdals amt, men embetsmennene likte han dårleg. Dei var nok redde for at han var i stand til å rive dei ned frå pidestallen – noko han seinare greidde. Neergaard skreiv boka «En Odelsmands Tanker om Norges nærværende Forfatning tilligemed en Samtale indeholdende Veiledning for Bønder til en rigtigere Fremgangsmaade ved Udkaarelsen af Valgmænd og Repræsentanter» til dagleg kalla «Ola-boka».

Neergaard reiste rundt i landet for å agitere. For ikkje å bli teken for å bryte lausgjengarlova dreiv han med handel av hest og sild. Han lykkast stort. Ved Stortingsvalget 1833 auka talet på bønder frå 21 til 45, medan talet på embetsmenn minka frå 43 til 35.

På Stortinget arbeidde han for innføring av kommunalt sjølvstyre. I 1833 vedtok Stortinget eit framlegg som Neergaard var arkitekten av. Men Kongen meinte dette var for radikalt og demokratisk, og lova vart ikkje sett ut i livet før 1837. John Neergaard har vore rekna som formannskapslovas far.

1836 vart Neergaard tilsett som lensmann i Øre, og vart såleis «tingvollgjelding».

Futetida

Futetida var ikkje alltid enkel for «den menige mann og kvinne». Her er ei historie som fortel korleis futen kunne sjå på folk flest. Hans Junghans Wegede skriv i brev til amtmannen og takkar for at lensmannen hadde gjeve naboane på Gyl reprimande for at dei hadde segla forbi kyrkjebåten hans på tur til Tingvollkyrkja:

«... ellers findes her blant disse Gjuls bønder nogle haarde halse som vis-selig behøver irettesettelse, hvilket jeg nok med tiden og leilighed skal se at utmærke ...»

Ei ny tid

Sjølv om dei styrande den gongen berre var eit utval av «bygdas beste menn», fekk folket ein innverknad som for lokalsamfunna betydde meir enn både 1814 og 1905. Men ein skal ikkje underslå at den friheita som Grunnlova gav oss i 1814 - via den franske revolusjonen - la eit grunnlag for ei tidleg gjennomføring av lokaldemokrati i Norge.

«THINGVOLD SOGNS FORMANDSKABSDISTRICT»


I 1838 vart Tingvoll kommune danna. Det vil seie at begrepet *kommune* ennå ikkje var brukt. Ei tidleg nemning på «kommunen» var *Thingvold sogns formandskabsdistrict*. Grensene til hovedsoknet vart grensene til kommunen. I kommunar der det var berre eitt kyrkjjesokn, var nemninga ofte «NN prestegiølds communebestyrelse». Seinare vart det brukt forma *herred* og *herad*, og seinare kommune, som i dag.

Ikkje alle kunne skrive namnet sitt

I Tingvoll var vi så heldige å ha skriveføre menn i det første formannskapet. Det ser ut til at alle kunne skrive namnet sitt. Slik var det ikkje alle stader. I Aure, t.d., var det halvparten av dei innvalgte som skreiv under m.p.p - med påhalden penn - i den første formannskapsprotokollen.

Det første «Formandskabet for Thingvolds Sogn» vart halde på Tingvoll prestgard 6. februar 1838. Ordførar Anders Larsson Meisingset var sjuk og sendte Bård Larsson Venås i sin stad. Fanejunker Anders Arntson Bjerkhol var sekretær, den første formannsskapsekretæren i Tingvoll.

TINGVOLL KOMMUNE 1838-1865



Det er tydeleg at erfaringa dei hadde med slikt styre, var frå tinget. I alle dei første heradsstyra opnar Bjerkhol protokollen med: «Hvorda Retten blev lovlig sat.» Andre uttrykk frå denne tida var «Saken er bif.» Det er kortform av «Saken er bifalt», saka har altså fått tilslutning. Så det har ingenting med biff, pølse, koteletter eller kva det var Børge Lillelien sa da «saken var biff»!